



## Innhald

<b>Tema – Tilsyn i Espira Marthahaugen barnehage</b> .....	2
<b>Innleiing</b> .....	3
Barnehagemynde i Alver kommune fører tilsyn med barnehagane etter barnehagelova kap.10 §53. I tilsynet kontrollerar kommunen om barnehageeigar oppfyller barnehagelova med forskrifter. Dersom barnehageeigar ikkje følgjer regelverket kan kommunen pålegge retting.....	3
<b>Kort om barnehagen</b> .....	4
<b>Om gjennomføringa av tilsynet</b> .....	4
<b>Rettslege krav</b> .....	4
§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid .....	4
§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt).....	5
§ 9 Internkontroll i barnehagen.....	5
<b>Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar</b> .....	5
§ 41.Nulltoleranse og forebyggende arbeid .....	5
§ 41.Nulltoleranse og forebyggende arbeid .....	7
<b>Våre observasjonar, vurderingar og konklusjon</b> .....	7
§ 42. Plikta til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt).....	7
<b>§ 9.Internkontroll i barnehagen</b> .....	10
<b>Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar</b> .....	10
<b>Vedtak</b> .....	12



**ALVER**  
KOMMUNE

## **Tema – Tilsyn i Espira Marthahaugen barnehage**

Barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø  
Barnehageloven Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø trygt og godt  
barnehagemiljø, og §9. Internkontroll i barnehagen



## Samandrag

Alver kommune fører tilsyn med Espira Marthahaugen barnehage. Temaet for tilsynet er barnehagen si aktivitetsplikt og barnehageeigar sitt forsvarlege system §9 , §41 og §42 i barnehageloven datert 02.11.2021

Tilsynet går ut på å kontrollere om Espira Marthahaugen barnehage følgjer regelverket i barnehageloven med forskrifter. For å kontrollere dette undersøker vi praksis i Espira Marthahaugen barnehage i Alver kommune. Barnehagen er vald ut på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylt, og kva for konsekvensar det kan ha for barna. Denne risikovurderinga byggjer på informasjon Alver kommune har frå ulike kjelder.

Basert på vurdering av tilgjengeleg informasjon og endring i lovverket har ein vurdert risiko for brot på LOB som gjeld § 9- internkontroll i barnehagen og kapittel 8 Psykososialt barnehagemiljø. I vurdering av risiko nytta ein blant anna utfylt eigenvurdering frå styrar i barnehagen.

### Tema:

Barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Innsendt informasjon blei på førehand bearbeida og det blei gjennomført risikovurdering.

I møte 01.11.21 blei det gjennomført ei risikovurdering basert på tilgjengeleg informasjon. Det blei på bakgrunn av risikovurdering samt storleik og eigarform konkludert med at ein opnar skriftleg tilsyn med Espira Marthahaugen barnehage.

Barnehagen fekk din førebelse tilsynsrapporten for uttale og har uttalt seg innan fristen. På bakgrunn av uttalen frå barnehagen, har vi gjort endringar i rapporten. I tilsynet har vi funnet at de oppfyller regelverket i høve tilsynsområdet vist over, og vi avslutter tilsynet.

Status på rapporten og vegen vidare:

Denne rapporten er ein endeleg rapport med konklusjonar basert på skriftleg dokumentasjon.

## Innleiing

Barnehagemynde i Alver kommune fører tilsyn med barnehagane etter barnehagelova kap.10 §53. I tilsynet kontrollerar kommunen om barnehageeigar oppfyller barnehagelova med forskrifter. Dersom barnehageeigar ikkje følgjer regelverket kan kommunen pålegge retting.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).



## Kort om barnehagen

Espira Marthahaugen Barnehage ligg i Alver kommune. Barnehagen er ein privat barnehage. Den er eigd og vart driven av Espira A/S.

Barnehagen har per i dag 69 barn og ligg i Alver kommune.

Alver kommune har ikkje ført tilsyn med barnehagen tidlegare.

## Om gjennomføringa av tilsynet

Alver kommune opna tilsyn med Espira Marthahaugen barnehage 02.11.2021. Barnehagen vart pålagt å levere dokumentasjon til lokalt barnehagemynd. Vi har fått dokumentasjonen tilsendt for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for tilsynet er: Barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Vi har kontrollert følgjande undertema:

1. Barnehagen sin plikt til å følgje med, gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, jfr. §§ 41 1. ledd og 42 i barnehagelova-Dokumentasjon i form av t.d. retningsliner, rutinar, prosedyrar, malar og liknande.
2. Korleis barnehageeigar gjennom sitt forsvarlege system sikrar at aktivitetsplikta blir overholdt jfr. § 9 i barnehagelova. Dokumentasjon i form av t.d. retningsliner, rutinar, prosedyrar, malar og liknande.

Vi har ikkje sett på korleis barnehagen oppfyller andre krav i regelverket.

**Formålet med tilsynet er å sikre** barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Dersom barnehagen ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

I denne rapporten presenterer vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar.

## Rettslege krav

### § 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid

Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.

Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.



## § 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.

Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.

Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.

Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.

Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå

- a) hvilke problemer tiltakene skal løse
- b) hvilke tiltak barnehagen har planlagt
- c) når tiltakene skal gjennomføres
- d) hvem som skal gjennomføre tiltakene
- e) når tiltakene skal evalueres.

## § 9 Internkontroll i barnehagen

Barnehageeier skal ha internkontroll for å sikre at kravene i denne loven med forskrifter følges.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasset barnehagens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal barnehageeier

- a) utarbeide en beskrivelse av barnehagens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

## Våre observasjoner, vurderingar og konklusjonar

### § 41. Nulltoleranse og forebyggende arbeid

1. Barnehagen skal ikke godta krenkelsar som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering.
2. Sikrar barnehagen barna mot krenkelsar som vist i punkt 1?



3. Sikrar barnehagen at alle tilsette grip inn når eit barn i barnehagen vert utsett for slike krenkingar?
4. Førebyggjer barnehagen tilfeller der barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø for å fremje helsa, trivnaden, leiken og læringa til borna?

### **Observasjon**

Espira Marthahaugen\_barnehage har levert inn Plan for psykososialt miljø i barnehagen. Planen skildrar barnehagen sitt førebyggjande og generelle arbeid for eit godt psykososialt miljø.

I planen er det skildra at barnehagen har nulltoleranse for krenkingar og inneheld ei liste over kva barnehagen gjer for å førebyggje. Det førebyggjande arbeidet er skildra ved at barnehagen har levert døme på korleis dei fremmer eit godt psykososialt miljø for alle barn. Loven er sitert i planen. Det er levert inn dokumentasjon på prosedyrar eller rutinar i høve dette arbeidet.

Det er levert inn dokumentasjon på at personalet har hatt opplæring på kapittel 8 i barnehagelova. Krenking har vore tema. Ansvar til den ein skilde om å gripe inn, har og vore tema. I tilsendte dokumentasjon frå styrar vert det i svart utfyllande på om alle som arbeider i barnehagen varslar styrar.

I eigen vurdering er det svart ja på at barnehageeigar vert varsla i alvorlege tilfelle. Det er sendt inn dokumentasjon på rutinar prosedyrar og sjekklister på arbeidet.

### **Vurdering**

Espira Marthahaugen dokumenterer gjennom plan og skildring av opplæring for personale at dei arbeidar førebyggjande med nulltoleranse for mobbing og krenkingar. Informasjonen skildrar korleis barnehagen sikrar det førebyggjande arbeidet i barnehagen t.d ved dokumentasjon som viser korleis planar og opplæringa er systematisk planlagd. Til dømes i form av rutinar, prosedyrar og sjekklister.

Vi har motteke rutinar og prosedyrar som visar at barnehagen dokumenterer korleis tilsette grip inn når eit barn i barnehagen vert utsett for krenkingar. Døme på risikovurdering og systematisk oppfølging er sendt inn. Barnehagen har sendt inn informasjon om korleis dei vurderer arbeidet sitt.

Vi ser gjennom dokumentasjonen at barnehagen arbeidar og har opplæring for personalet. Barnehagen er medveten med aktivitetsplikta i høve trygt og godt psykososialt barnehagemiljø, nulltoleranse og forebyggjande arbeid. Barnehagen har dokumentert korleis dei sikrar at alle tilsette oppfyller lovkrava i §41.

### **Konklusjon**



## § 41. Nulltoleranse og forebyggende arbeid

Espira Marthaugen barnehage har dokumentert korleis dei sikrar at lovkrava i §41 vert oppfylt.

## Våre observasjonar, vurderingar og konklusjon

### § 42. Plikta til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

**Sikrar Espira Marthaugen at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø?**

1. Følgjer alle som arbeidar i Espira barnehage med på korleis barna i barnehagen har det?
2.
  - a) Melder alle som arbeider i barnehagen, frå til barnehagens styrar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?
  - b) Melder styrar frå til barnehageeigaren i alvorlege tilfelle?

#### **Observasjon**

Dokumentasjonen vi har motteke: Plan for psykososialt barnehagemiljø, diverse presentasjonar i høve opplæring av personale, heftar og i eigenvurdering frå styrar i barnehagen er aktivitetsplika skildra. Vi har motteke rutinar og sjekklister i høve aktivitetsplikta.

#### **Vurdering**

For å kunne avdekke fullt ut korleis borna i barnehagen har det, er det naudsynt å ha systematikk i arbeidet. Espira Marthaugen barnehage har laga plan for psykososialt barnehagemiljø, og det er sendt inn rutine og sjekklister. Dette systemet vil etter vår vurdering sikre at alle tilsette følgjer med slik at alle barna vert ivareteken.

Ut frå dokumentasjonen som er sendt inn, har Espira Marthaugen barnehage dokumentert korleis systemet til barnehagen sikrar at alle tilsette dagleg følgjer med korleis alle barna har det i barnehagen.

På bakgrunn av dette er det vurdert at barnehagen oppfyller aktivitetsplikta si etter §42 1.3 avsnitt.

#### **Konklusjon**

Espira Marthaugen barnehage har dokumentert korleis dei sikrar at alle som jobbar i barnehagen følgjer med på korleis barna i barnehagen har det.

2 a) Melder alle som arbeider i barnehagen, frå til barnehagens styrar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?

b) Melder styrar frå til barnehageeigaren i alvorlege tilfelle?

#### **Observasjon**

Dokumentasjonen vi har motteke frå barnehagen seier at personalet har fått kunnskap om plikta til å melde frå. I eigenvurderinga frå styrar er det svart nei. Det står og at personalet skal



melde frå til styrar i alle tilfelle, og at dette vert dokumentert. Rutinar, sjekklisar og liknande dokumentasjon på at dette reiskapet er på plass er motteke.

I eigenvurderinga er det svart at eigar vert varsla i alvorlege tilfelle, og at dette vert dokumentert. Rutinar, sjekklisar og liknande dokumentasjon på at dette faktisk vert gjort kan vi ikkje sjå å ha motteke.

### **Vurdering**

a og b: For at barnehagen skal kunne oppfylle lovkravet både i høve tilsette og styrar lyt ein ha eit systematisk arbeid og dokumentasjon på at dette er praksis. Kommunen kan no sjå at barnehagen har sendt inn dokumentasjon på dette. På dette grunnlag finn vi at barnehagen sitt system er i samsvar med lovkravet.

### **Konklusjon**

a) Espira Marthahaugen barnehage sikrar at alle som arbeider i barnehagen meldar frå til barnehagen sin styrar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.

b) Espira Marthahaugen barnehage har dokumentert korleis dei sikrar at styrar melder frå til barnehageeigaren i alvorlege tilfelle.

### **3.Undersøker barnehagen snarast ei sak ved mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?**

#### **Observasjon**

I dokumentasjonen vi har fått tilsendt : plan for eit godt psykososialt miljø, fleire presentasjonar for opplæring, og eigenvurdering frå styrar frå barnehagen er aktivitetsplika skildra.

I planen er det skildra at tilsette skal undersøke saka så raskt som mogeleg. Det skal vere samtaler med barna som er involvert. Barnehagen har lagt ved eksemplar på aktivitetsplan.

Barnehagen har sendt inn rutinar og sjekklisar, Årshjul for internkontroll og Kartlegging av psykososialt barnehagemiljø.

#### **Vurdering**

Vi ser i tilsendt dokumentasjon at Espira Marthahaugen barnehage arbeider med og har hatt opplæring av personalet i høve trygt og godt barnehagemiljø. Dei viser at dei har laga plan med tydeleg skildring av tema. Barnehagen viser og at dei har erfaring med å lage aktivitetsplan. På dette grunnlag vurderer vi at det er praksis på å undersøke saker.

For at barnehagen skal kunne samhandle og følgje opp lovkravet både i høve tilsette og styrar, lyt den ha eit systematisk arbeid og dokumentasjon på at dette er praksis.

Vi ser at barnehagen har praksis, og vi har motteke rutinar, prosedyrar eller skildringar som i tilstrekkeleg grad viser korleis dette vert sikra på ein systematisk måte. Vi konkluderer difor at Espira Marthahaugen barnehage sikrar at alle som arbeider i barnehagen, undersøker saka snarast.





### **Konklusjon**

Espira Marthahauge barnehage har dokumentert korleis dei sikrar at alle som arbeider i barnehagen, undersøker saka snarast.

### **4.Undersøker Espira Marthahaugen barnehage meldingar frå føresette om at barnet deira ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?**

a)Undersøker barnehagen saken og så langt det finnes egna tiltak, sørger dei for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø?

b)Gjer barnehagen det samme når det gjeld ein undersøking som barnehagen sjølv har satt i gang som ser at et barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?

c)Vert tiltak valt på grunnlag av ei konkret og fagleg vurdering?

### **Observasjon**

Barnehagen har i vedlagd plan for psykososialt miljø lovkravet med. Barnehagen har lagd ved presentasjon frå kurs om Psykososialt barnehagemiljø. §42 aktivitetsplikta er her arbeidd med i case. Foreldresamarbeid er eit område. Eigenvurdering frå styrar fortel at barnet si stemme vert høyrd. Vi har motteke dokumentasjon frå barnehagen i form av prosedyrar, rutinar, sjekklister som skildrer punkta over.

### **Vurdering**

I dokumentasjonen ser vi at barnehagen jobber med områda i loven på ulike nivå, gjennom opplæring og informasjon, i form av at foreldresamarbeid, kommentarar og at det vert gjort eit arbeid for å sikre aktivitetsplikta i §42 gjennom aktivitetsplan. Vi har motteke prosedyrar og rutinar som kan vise at barnehagen sikrar dette arbeidet tydeleg og systematisk.

### **Konklusjon**

Espira Martahaugen barnehage har dokumentert korleis dei undersøker meldingar frå føresette om at barnet deira ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø jmf.42 siste avsnitt.

### **5.Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå**

- a) hvilke problemer tiltakene skal løse
- b) hvilke tiltak barnehagen har planlagt
- c) når tiltakene skal gjennomføres
- d) hvem som skal gjennomføre tiltakene
- e) når tiltakene skal evalueres.

### **Observasjon:**

I planen for eit trygt og godt barnehagemiljø skriv barnehagen om skriftleg plan i høve §42. Punkta a-e ( sjå over) er her lista opp som innhald i planen.

Styrar si eigenvurdering seier at barnehagen har utarbeidd skriftleg plan. Det er lagd ved eksemplar som viser at barnehagen nyttar plan etter melding og undersøking.



### **Vurdering**

Espira Marthahaugen barnehage viser i planen for eit godt psykososial miljø og i vedlagd dokumentasjon tiltaksplan. Punkta som skal vera med i planen er og lista opp. Det er med i eksempelet vedlagt og inneheld dei krava som følgjer av loven. Alver kommune konkluderer at Espira Marthahaugen barnehage har, og nyttar, skriftleg plan for tiltak i samsvar med krava i loven.

### **Konklusjon**

Espira Marthahaugen barnehage har dokumentert at innhaldet i ein skriftleg plan for tiltak er i samsvar med krava til ein slik plan.

## **§ 9. Internkontroll i barnehagen**

Barnehageeier skal ha internkontroll for å sikre at kravene i denne loven med forskrifter vert fulgt.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasset barnehagens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal barnehageeier

- a) utarbeide en beskrivelse av barnehagens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig.
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

## **Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar**

Vi har sett på lovkrav i høve internkontroll og §§41,42 i dette tilsynet.

Barnehageeigar skal ha internkontroll for å sikre at krava i denne lova med forskrift vert følgd.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasset barnehagen sin størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

### **Observasjon**

Espira Marthahaugen barnehage har sendt inn skildring av barnehagen sine hovedoppgaver mål og organisering utført som internkontrollsystem.

Kommunen har mottatte prosedyrar og rutinar som skildrar korleis barnehageeigar sikrar at barnehagen arbeidar systematisk og såleis avdekker og følgjar opp avvik og risiko for avvik. Barnehagen har på dette grunnlag dokumentert eit system som har ein form og omfang som er naudsynt.



Kommunen har mottatte dokumentasjon som viser korleis barnehagen evaluerer, og ved behov, forbetrar skriftlege prosedyrar og andre tiltak i internkontroll.

**Vurdering**

Espira Marthahaugen barnehage har sendt inn tilstrekkeleg dokumentasjon på at barnehagen har eit internkontrollsystem der eigar sikrar krava etter §9 i barnehageloven.

**Konklusjon**

Espira Marthahaugen barnehage har dokumentert at dei har eit internkontrollsystem i samsvar med §9 i barnehageloven.

---

---



## Vedtak

Tilsynet har vist at Espira Marthahaugen barnehage har dokumentert at dei etterlever regelverket som er undersøkt i §9 og §§41 og 42 i barnehagelova.

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova.

mvh

— Mette Marei Trøeland

tilsynsleiar

—